



Mojo Eiendom AS
v/ Mongstad Administrasjon Storemyra 162
5954 MONGSTAD

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1004 - 19/21441

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

02.07.2019

Innkalling til tilsyn fettutskiljar - Gbnr 127/117 Storemyra 251

Teknisk drift syner til vårt brev av 26.03.2019 der vi viser til førehandsvarsel om tilsyn i samband med manglar i årsrapport for fettutskiljar ved kantine i Storemyra 251.

Tømmeoperatør har for driftsår 2018 rapportert inn at anlegg er tømt 3 gonger. Kun ei av desse er dokumentert med kopi av tømmerapport. Tømmeoperatør har også meldt inn om at dei ikkje har teke temperaturlogg av anlegg i 2018. Det er krav om innsending av minimum 2 temperaturlogger per år. Manglane i årsrapporta betyr at ei for kantine ved Storemyra 251, som også er tilfelle for tidlegare innrapporteringar, ikkje har nødvendig dokumentasjon som viser at anlegg stettar krav til utslepp.

Som abonnent på kommunale avløpstenester har Mojo Eigedom AS ansvar for at leigetakar følgjer abonnementsvilkåra i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser» og gitte vilkår som er direkte heimla i lover, forskrifter og i gitte løyver.

Varsel om tilsyn:

Teknisk drift viser til førehandsvarsel om tilsyn datert 26.03.2019. Mojo Eiendom AS vert no, som grunn-eigar og abonnent på kommunale avløpstenester, kalla inn til tilsyn:

Torsdag 15.08.2019 kl. 12.30 på Rådhuset i Knarvik.

Førehandsvarsel om tiltak:

Lindås kommune gir førehandsvarsel om at vi vurderer setje i gong tiltak for å få på plass nødvendige drift og vedlikehaldsrutiner, samt innsending av dokumentasjon på at fettutskiljar stettar krav til utslepp. Førehandsvarsel er gitt iht forvaltningslova § 16.

Tiltak som kommunen vil vurdere:

- Lindås kommune kan ilagge abonnenten eit tilleggsgebyr på 50 % av avløpsgebyr. Dette gebyret kan kommunen fakturere abonnenten kvar kvartal, inntil forhold er retta opp.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- Abonnementen plikter iht «Standard abonnementsvilkår – Administrative bestemmelser» punkt 1.4 å overholde vilkår for å ha anlegg knytt på kommunalt avløpsnett.

Lindås kommune har i forureningsforskrifta § 15 A-4, forskrift for fettutskiljar for Lindås kommune og «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser» heimel til å krevje fettutskiljar for verksemder som har utslepp av fetthaldig avløpsvatn til kommunalt avløpsnett. Kommunen krev dokumentasjon på at anlegg stettar krav til utslepp med heimel i nemde regelverk og i gitte løyve til å ha anlegg knytt på kommunalt avløpsnett.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mojo Eiendom AS

v/ Mongstad
Administrasjon
Storemyra 162

5954

MONGSTAD